

Møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland**Referat**

Dato:	Fredag 11.desember 2020, kl. 12:00 -14.30
Stad:	Møte var gjennomført som digitalt møte på Teams.
Til stades:	Tord Moltumyr (Alver), Geir Lien (HB), Leni Dale (Alver), Kjerstin Fyllingen (HDS), Frøydis Gullbrå (Modalen), Bente Orlèn Westervik (Brukarutvalet HB), Peter Kubon (Austrheim), Ingebjørg Søreide (Gulen), Rebekka Ljosland (HDS), Per-Ole Eide (Brukarutvalet HDS), Randi-Luise Møgster (HB), Kim Andre Vangberg (Fedje), Oddvin Næset (Masfjorden), Nina Kvamme (Osterøy), Grete Lill Hjartnes (SSE), Liv Berit Haukås (Fag forbundet), Elena Sandgathe (SSE) og Anne Hildegunn Færøy (SSE). Odd Ivar Øvregård, prosjektleder Felles Utviklingsplan deltok som observatør i møte
Ikkje møtt:	Terese Folgerø (Alver), Eva Karin Skorpen (NSF)
Møteleiar:	Tord Moltumyr
Referent:	Elena Sandgathe og Anne Hildegunn Færøy

Saksnr.	Saker
0/0	<p>Helsing frå SU-nissen Møtet starta med at SU-nissen var innom og sende ei julehelsing til alle medlemmane i SU Nordhordland. Helsinga er lagt ved i e-post.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet sette stor pris på vitjing og helsing og ønskjer SU-nissen og alle andre nissar ei retteleg God Jul.</p>
44/20	<p>Godkjenning av innkalling og saksliste</p> <p>Vedtak: Innkalling og saksliste godkjent utan merknader.</p>
45/20	<p>Godkjenning av referat frå møte 18.september 2020</p> <p>Vedtak: Referat frå møte 18.september 2020 vart godkjent utan merknader.</p>
46/20	<p>Covid 19 Ingebjørg Søreide gav ei god statusmelding frå Koordineringsgruppa. Therese Folgerø og Ingeborg er NH kommunane sine repr. i koordineringsgruppa, og har delteke der sidan oppstart. Dei har gjort seg ein del erfaringar med å arbeide på ein slik måte. Therese og Ingeborg har ei grei fordeling av kontaktflatene inn mot ulike fagmiljøa i kommunane. Ei ordning som fungera godt. Viser elles til vedlagt PP med oppsummering av orienteringa. <u>Innspel i møte:</u> Sjukehus og kommunar må samarbeida om planlegging og gjennomføring av vaksineringa som etter planen skal starta i januar 2021. Dette vert tema i koordineringsgruppa.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa og det gode arbeidet som koordineringsgruppa gjør knytt til pandemien.</p>

47/20	<p>Handlingsplan 2020 og 2021</p> <ul style="list-style-type: none"> – Handlingsplan 2020: Plan med status for oppfølging av tiltaka var sendt ut i forkant av møte. På grunn av mange saker på agendaen vart det ikkje tatt noko gjennomgang av statusmeldinga i møte. Det var ingen som hadde merknader til statusmeldinga. – Handlingsplan 2021: Møteleiar hadde ein gjennomgang av utkast til Handlingsplan 2021 med forslag til prioriterte tiltak. Planen er i stor grad er bygd opp etter same struktur som Handlingsplan 2020. Møteleiar presiserte at dette er eit utkast til handlingsplan for 2021, som er sett saman av pågående tiltak frå handlingsplan for 2020, avtalar som er vurdert/meldt inn at har behov for revisjon og saker som er vedtekne av samarbeidsutvala og som vil krevje ressursar frå partane i året som kjem. Planutkastet er utarbeidd av samarbeidssekretariatet (SSE). – Det er vidare tilrådd at arbeidet med <i>Felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling</i> vert vidareført i handlingsplanen for 2021, og at denne planen kan kome til å utløse ei trøng for revisjon av den overordna samarbeidsavtalen. SSE vil eventuelt fremje ei sak om dette når <i>Felles utviklingsplan</i> er ferdig handsama, mai 2021. – Det vart i møte spela inn ønske om å setja inn eit underpunkt under tiltak 1.2 Tenesteavtale 8. Helse Bergen vil komme tilbake med forslag til ei konkretisering av eit slikt underpunkt. <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Samarbeidsutvalet for Nordhordland tek SSE sin status for arbeidet med handlingsplan for 2020 til orientering. • Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til utkast til handlingsplan for 2021, og ber SSE legge fram endeleg Handlingsplan til handsaming i februar 2021.
48/20	<p>Revisjon av tenesteavtale 11 og 12 - tiltak 1.4</p> <p>Tord Moltumyr har deltake som representant for Nordhordlands kommunane i arbeidsgruppa som fekk i oppdrag å gjennomføre ein revisjon av TA 11 og 12. Tord gav ei kort orientering om arbeidsgruppa sitt arbeid med revisjon av TA 11 og 12 denne hausten.</p> <p>Endringane er i hovudsak relatert til ei harmonisering til akuttmedisinforstkrifta, tydeleggjering av ansvaret som kommunar og sjukehus har knytt til at beredskapsplanane skal vere samordna og omforeinte, samt å vere i tråd med behov for å utarbeida lokale særavtalar.</p> <p>og Tenesteavtale 11 og 12 har fått nytt namn Tenesteavtale 11.</p> <p>Avtala har endra namn til tenesteavtale 11. Dette er i samsvar med Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester mm. (helse og omsorgstjenesteloven) §6-2, punkt 11 «omforente beredskapsplaner og planer for den akuttmedisinske kjeden».</p> <p>Ulik organisering av akuttmedisinske tenester både i kommunane og i Helse Bergen sine ulike delar av føretaksområdet vil kunne bety at det er eit behov for særavtalar med den enskilde kommune. Utarbeiding av slike særavtalar startar etter at TA 11 er vedteken og signert av partane.</p> <p>Det vert tilrådd at arbeidet med lokale særavtalar vert utforma i samarbeid med dei lokale UFAB (Underutval for akuttmedisinsk beredskap), og at avtalepartane vil vere den enkelte kommune, Helse Bergen og eventuelt Haraldsplass Diakonale sykehus.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland har ingen innspel til avtala slik den føreligg, og tilrår at avtala vert sendt til signering hos partane.</p>
49/20	<p>Årleg gjennomgang av avtaleverket - tiltak 1.6</p> <p>Som vist til i saksnotat har samarbeidssekretariatet (SSE) gjennomført ei vurdering av gjeldande samarbeidsavtalar med utgangspunkt i mal for årleg gjennomgang av avtaleverket, vedteke av samarbeidsutvala i 2015:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Er det kome krav om revisjon? 2. Er det nasjonale og lokale føringer som utløyer revisjonsbehov? 3. Er det samarbeidsavtalar som må fornyast?

	<p>Ut over dette er det lagt opp til at behov for revisjon skal vurderast opp mot eventuelle systematiske samhandlingsavvik. SSE tilrår at denne vurderinga skjer i samband med at oversikta over samhandlingsavvik ev. vert lagt fram som ei eiga sak for samarbeidsutval i 2021.</p> <p>SSE si tilråding i saka:</p> <ol style="list-style-type: none">1. <i>Felles utviklingsplan</i> kan kome til å utløse ei trøng for revisjon av den overordna samarbeidsavtalen. SSE vil ev. fremje ei sak om dette når <i>Felles utviklingsplan</i> er ferdig handsama, mai 2021.2. Revidert tenesteavtale 11 (tidlegare tenesteavtale 11 og 12) skal supplerast med lokale særavtalar. SSE tilrår at dette arbeidet vert inkludert som eige punkt på felles handlingsplan for 2021.3. Partane må ta høgde for at undervegsevaluering av pandemiarbeidet, kan kome til å utløse behov for revisjon av pandemiatala. SSE vil gjere ei ny vurdering av saka ved den årlege gjennomgangen av avtaleverket i 2021.4. Partane må vere budd på å starte opp avtaleprosessari i 2021 knytt til forslag om endring i Lov om kommunale helse og omsorgstenester. SSE tilrår at arbeidet med nye samarbeidsavtalar vert inkludert som tiltak på felles handlingsplan for 2021.5. Sentrale styringsdokument er oppdaterte sidan tenesteavtale 2 vart inngått. SSE tilrår at ein revisjon av denne avtalen vert sett i samanheng med arbeidet med <i>Felles utviklingsplan</i> og etablering av Helsefellesskap. SSE tilrår at det vert gjort ei ny vurdering av saka ved den årlege gjennomgangen av avtaleverket i 2021. <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for god gjennomgang, og sluttar seg til samarbeidssekretariatet si tilråding i saka.</p>
50/20	<p>Felles Utviklingsplan for samarbeid og samhandling – tiltak 2.2</p> <p>Prosjektleiar, Odd Ivar Øvregård orienterte om status i prosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none">– Innspelsrunden er omfattande og tek tid, men er og særstilt nyttig.– Det er gjennomført møter med mange kommunar. Det er eit godt engasjement rundt problemstillingane som vert drøfta. Det gjenstår å få avtala tid med nokre kommunar. Tilbakemeldingar på om dei framtida bør vere 1 eller 4 samarbeidsutval er delte. Fleire av kommunane melder at samarbeidet er bra, og at det har utvikla seg i ein god retning dei siste åra.– Dei tre arbeidsgruppene er i gang med arbeidet.– Innspel frå fastlegar vert gjort i samarbeid med praksiskonsulentar (PKO) i føretaket, i møte med kommuneoverlegar som også er fastlegar, samt eigen høyingsrunde med fastlegar/legeforeininga.– Prosjektleiar viser til at erfaringar ein har gjort seg i arbeidet i pandemigruppa må takast med ved ei vurdering av ein framtidig samarbeidsstruktur. <p>Synspunkt som kom fram i møtet: HDS støttar at ein held fram med 4 utval. Dette vert grunngjeve med at det er veldig viktig for samhandlinga å kunne ha tett kontakt med dei små kommunane. Det vart også peika på at arbeidet i pandemigruppa der det skal takast raske, praktiske beslutningar, ikkje kan samanliknast med meir langsigkt planlegging innan samhandlingsstrukturen.</p> <p>Prosjektleiar tek i mot innspel frå alle som ønskjer det. Dersom samarbeidsrådet ønskjer å gje ei felles uttale kan dei gjera det.</p> <p>På bakgrunn av kommunemøta, møta med arbeidsgruppene og eventuelt andre innspel som kjem inn, utarbeider prosjektleiar eit forslag til «Felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling». Dette forslaget skal leggjast fram for Administrativt kontaktmøte (AK), og deretter orienterast om i Toppleiarmøtet 28.jan. Vidare prosess er tilbake til SR/SUå for drøfting der.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa og ber prosjektleiar ta med innspel frå partane i det vidare arbeidet.</p>

51/20	<p>Felles opplæringsprogram for å spreie bevissthet, kunnskap og kompetanse – tiltak 2.7</p> <p>SSE orienterte om saka.</p> <p>Saka har stått som eit av tiltakspunkta i handlingsplan sidan 2019, og har ved fleire høve vore sak i SU møta, og vore drøfta med AK for undervegs i prosessen. I starten av 2020 vart saka drøfta med AK, og det var semje om at SSE skulle utgreia av moglegheiter om å svare ut bestillinga ved hjelp av e-læringsprogram. Pga pandemien har dette arbeidet tatt langer tid enn planlagt. To alternativ for å utarbeide eit felles e-læringsprogram er vurdert. Ressursbehov for å utvikle eit slik program er også vurdert.</p> <p>Synspunkt som kom fram i møtet:</p> <p>Haraldsplass kan ikkje tilrå å gå vidare med dei skisserte løysningane. Dette fordi det er uklart kva som skal komme ut av dette arbeidet og pga dei relativt høge kostnadene som er skissert.</p> <p>Det vart meldt i møtet at det må komme ei meir tydeleg bestilling frå SUa til SSE for å kunne følgje opp dette tiltaket på ein betre måte.</p> <p>Helse Bergen tilbyr at Mottaksentrinna kan bistå med kompetansen for å utforme sjølv e-læringsprogrammet og dermed spare kostnader.</p> <p>Det kom forslag om at utforminga av det faglege innhaldet i opplæringsprogrammet vert fylgt opp av medisinsk faglag utval. Og at det laget et enkelt e-læringsprogram for legene (med utgangspunktet i lege – til lege samarbeidet) og et enkelt e-læringsprogram for pleiepersonell.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for engasjementet, og er samde om at kostnadene som er skisserter så pass store at det det ikkje vert tilrådd å gå vidare med dei løysingane som er presentert i saka. Utvalet er samde om at tiltaket må spissast, og at mandat, mål og rammer for tiltaket må tydeleggjerast, og det vert vidareført i Handlingsplan 2021. Alternative løysingar bør vurderast, og erfaringar frå etablerte prosjekt må takast inn som ein del av kunnskapsgrunnlaget.</p>
52/20	<p>Møteplan for samarbeidsutvala og andre fellesorgan i samarbeidsstrukturen 2021</p> <p>Forslag til møteplan 2021 vart lagt fram i møte. Det vart fremja ønske om å endre dato for AK-møte i januar. SSE følger dette opp.</p> <p>Vedtak</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til forslag til møteplan for 2021, med justering av AK møte i januar.</p>
53/20	<p>Tverrfagleg Spesialisert Behandling (TSB)</p> <p>Pål Ove Vadseth, Leiar i Seksjon for helsetenesteutvikling HB gav ei god orientering om <i>Standardisert pasientforløp for planlagde innleggingar i tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB)</i>. PP er lagt ved i e-post.</p> <p>Utvalemedlemmane vil drøfta det som er presentert i møte med relevante fagpersonar i kommunane og etter det gje ei tilbakemelding, og evt komme med innspel til saka.</p> <p>Tilbakemeldingar/innspel kan meldast skriftleg eller munnleg til Pål Ove Vadseth, pal.ove.vadset@helse-bergen.no, tlf. 922 45 341.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa og sender eventuelle innspel til kontaktperson i Helse Bergen slik det er vist til over.</p>
54/20	<p>Rapportering frå arbeidsutvalet sitt arbeid og Møteplass for habilitering og rehabilitering 2020</p> <p>Møteleiar viste til vedlagt rapport frå arbeidsutvalet(AU) og Møteplass for habilitering og rehabilitering, og at det i saka er meldt om at partane må utpeika nye representantar frå kommunane i utvalsområdet.</p> <p>Noverande representant frå NH kommunane er Kristin Aase, KE leiar Fedje kommune. Det er meldt at ho kan halda fram som kommunane sin representant i arbeidsutvalet.</p> <p>Vedtak</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tek rapporten frå arbeidsutvalet til orientering og sluttar seg til at Kristin Aase, KE leiar Fedje kommune held fram som kommunane sin representant i arbeidsutvalet.</p>

55/20	<p>Feil i faktura frå Psykiatrisk klinikk, Divisjon psykisk helsevern Randi-Luise Møgster orienterte om saka og viste til at Helse Bergen vil arbeide for at faktura er så rett som mogeleg når dei går til kommunane. Interne rutinar og kjennskap til avtalane vil bli arbeidd med.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for gjennomgangen og tek saka til orientering.</p>
56/20	<p>Orientering frå partane</p> <ul style="list-style-type: none"> a. Tord Molsumyr gav ei kort orientering frå Alver kommune om oppstart av prosjekt som omhandlar framtidig organisering av ØHD og legevakta. Prosjekta er i konseptfase. b. Fedje kommune har vedteke å trekke seg ut av legevaks- og ØHD- samarbeidet i Nordhordland. Dette vil vere gjeldande frå januar 2022. Vedtaket kan få konsekvensar for samarbeidet med HB innan akuttmedisinsk beredskap.
57/20	<p>Fagleg integrasjon psykisk helsevern og rusmedisin – innføring av tiltak Randi-Luise Møgster orienterte om saka. Presentasjonen var sendt ut i forkant og er lagt ved referatet. Det overordna målet med arbeidet er å sikre likeverdig tilgang til evidensbasert ambulant behandling til pasientar med samansette helseproblem på tvers av psykisk helsevern og rusmedisin i Helse Bergen sitt opptaksområde. Mandat for arbeidsområde: Ambulant behandlings –FACT var sendt ut med sakslista. Det skal setjast ned ei arbeidsgruppe for dette arbeidsområdet der føretaket ønsker communal deltaking i arbeidsgruppa. Kommunane sin repr. i gruppa skal meldast til Helse Bergen v/Anne Kvalheim, Seksjon samhandling.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa og ber leiar, nestleiar og sekretær følgje opp og melde tilbake namn på representant frå kommunane i utvalsområdet.</p>
58/60	<p>Eventuelt Ingen saker meldt</p>